



LOTTERITILSYNET



Årsmelding 2002

Visjon

«Lotteritilsynet skal sikre inntekter til det frivillige og humanitære Noreg, og fremje ei sunn utvikling i pengespelmarknaden»

Innhold

Kontrollen i gang	4-5
Rekneskap i pluss	6-8
Fakta om Lotteritilsynet	9
God distriktsutbygging	10
Sterk auke i pengespel	11-13
Spel på Internett aukar	14-15
Kontroll på dagsorden	16-17
Seksjon Hamar	17
Betre enn sitt rykte	18-19
Krafttaket ferdig	20-21
Ungdom får problem	22-23
Eksklusive kuler	24
Visste du at...	25

■ Kontroll på offensiven

■ **2002** var året då Lotteritilsynet for alvor gjekk over frå å vere under oppbygging til stabil drift. Alle avdelingar var ved utgangen av året komne inn i det eg vil kalle normalt drift, men det vil langt frå seie at vi er i mål. Lotteritilsynet skal forvalte og kontrollere ein marknad som er i kontinuerleg utvikling. Difor har vi som målsetjing både å utvikle og omstille kompetansen etter dei behov som melder seg i marknaden.

Kontrollarbeidet kom over i ein offensiv fase i Lotteritilsynets arbeid i 2002. Frå årsskiftet vart Statskontrollen ved Norsk Tipping ei avdeling i Lotteritilsynet, og tidleg på året var også vår nye kontrollseksjon med base i Førde i operativ drift. Kontroll av totalisatorbanene vart også Lotteritilsynets ansvar, og vi kom i fjor godt i gang med rekneskapskontroll av formål og entreprenørar.

Godkjenning av lotteriverdige aktørar var naturleg nok også eit veldig sentralt område i Lotteritilsynets arbeid i 2002. Juridisk avdeling sitt store krafttak med å godkjenne lag og organisasjonar vart fullført innafør dei tidsfristar vi hadde sett oss. I løpet av året vart heile 3604 lag og organisasjonar godkjende, medan 594 fekk avslag. Dette er tal som gjer at vi vonar aktørane i pengespelmarknaden har forståing for at vi i denne delen av vårt arbeid har hatt lenger sakshandsamingstid enn ønskjeleg.

Den nye kontrollseksjonen med åtte kontrollørar og ein leiar vart etablert i januar. Saman med Justervesenets folk kontrollerte Lotteritilsynet utvendig 16 500 gevinstautomatar i fjor, og det vart gjort beslag av i underkant av 100 ulovlege gevinstautomatar. Talet er positivt med tanke på det vi hadde venta på bak-

grunn av informasjon mellom anna frå bransjen sjølv, men vi tolkar også resultatet slik at auka kontrollaktivitet har hatt ein preventiv effekt.

Med tanke på at Lotteritilsynet skal kontrollere ein marknad som i fjor nesten nådde 30 milliardar kroner i omsetning, kan ein trygt slå fast at det var på høg tid at kontrollen med lotterimarknaden vart styrkt.

Vi var glade for å få Statskontrollen under Lotteritilsynets vengjer. Vi meiner dette styrkjer den heilskaplege kontrollen som er nødvendig dersom vi skal gjere ein god tilsynsjobb overfor statlege og private spel og lotteri. Men sentrale kontrolloppgåver er framleis i støypeskeia, og det gjeld til dømes kontrollen ved totalisatorbanene. Her er vi inne i ein god dialog med Norsk Rikstoto. Vi ventar oss nye og ressurskrevjande kontrolloppgåver av «illegale» spel på Internett.

Under kontrollane våre ute i felten la vi i 2002 vekt på å rettleie og vise korleis automatane kan og bør oppstillast med tanke på kontrollen av aldersgrensa. Det er vårt inntrykk at dette er blitt betre, sjølv om det ikkje er tvil om at det framleis er for mange under 18 år som spelar på automatar. Som lotteridirektør er eg elles oppteken av at det i framtida blir vurdert ei aldersgrense på 18 år også på andre typar pengespel. Eg vil nytte høvet til å oppmode overordna styresmakter til å sjå nærare på dette.

Den store dugnaden med å godkjenne lotteriverdige formål har også skaffa Lotteritilsynet ny innsikt i – og brei kontakt med – det frivillige Noreg. Vi vurderer det som svært viktig å ha ei slik kontaktflate med mottakarane av oversko-



Foto: Olav Øygard

tet frå norske pengespel. Lotteritilsynet ønskjer å utvikle dette vidare, og tek sikte på å invitere «det frivillige Noreg» til ein konferanse i Førde til hausten.

I 2002 vart vi ofte minna på at spelemedaljen har ei bakside, og Lotteritilsynet jobba mykje med å følgje opp det store forskingsprosjektet som er i gang for å kartleggje omfanget av speleavhengigheit i den norske befolkninga. I denne årsmeldinga kan vi presentere heilt nye tal som fortel at omfanget av pengespel mellom barn og unge gir grunn til uro. I slutten av mai vil vi dessutan få resultatet av den store befolkningsundersøkinga som Lotteritilsynet finansierer. Det er vårt inntrykk at alle involverte i norske pengespel ser fram til å få meir faktakunnskap om omfanget av problematisk speleåtferd og speleavhengigheit.

Lotteritilsynet er også nøgd med at fleire departement har gått saman om å gjere lover og reglar betre når det gjeld pyramide- og nettverkssal. Dette er ein marknad i vekst, men i dag er lovverket så uklart at det i praksis er vanskeleg å stoppe pyramideaktivitet som vi meiner bryt lotterilova. Eg veit eg har Forbrukarombodet og Økokrim med meg på å helse eit klårare regelverk velkomen!

Atle Hamar
direktør

■ Rekneskap i pluss



Stig Starheim er rådgjevar i administrativ avdeling.






2002 var det første året med tilnærma full årseffekt for dei ulike funksjonane under Lotteritilsynet. Mellom anna kom Seksjon Hamar inn under Lotteritilsynet sitt budsjett, og 2002 var det første året med driftskostnader knytt til den nye kontrollseksjonen i Førde.

Året i førevegen var i hovudsak ein oppbyggingsfase, men fleire av startprosessane heldt fram utover i 2002. Dette gjaldt mellom anna tilsetjingsprosessar, ferdigutvikling av Lotteriregisteret og igangsetjing av operative kontroll- og tilsynsfunksjonar. Ved budsjetteringa for 2002 var det nødvendig å operere med ein buffer i høve til når ulike funksjonar ville vere i full drift. Til dømes ville eventuell slutføring av alle tilsetjingsprosessar på vårparten medføre større lønsutgifter enn ved slutføring på haustparten.

Samla forbruk i 2002 var 48,6 millionar kroner, inklusive siste rest av ei startløyving som har vore postert på eigen post. Løn og godtgjersle utgjør om lag 40 prosent av forbruket.

Lotteritilsynet har i sitt driftsopplegg lagt opp til eit omfattande samarbeid med Brønnøysundregistra, Statens innkrevingsentral, Justervesenet og Politets datateneste. Dei to førstnemnde er sentrale i høvesvis driftinga av Lotteriregisteret og innkrevjing av gebyr for Lotteritilsynet. Justervesenet leverer tenester knytt til kontroll av gevinstautomatar. I 2002 vart det kjøpt tenester for vel 8,7 millionar kroner frå dei fire etatane.

Reiseutgiftene til kontrollseksjonen starta med det landsdekkjande kontrollopplegget for automatar. Samla forbruk på reiser var på 3,67 millionar kroner,



derav om lag 37 prosent under kontrollseksjonen.

I 2002 vart det betalt 1,18 million kroner til Statens institutt for rusmiddelforsking i samband med forskingsoppdra-

get for kartlegging av speleavhengighet. Samla ramme for prosjektet er 3 millionar kroner fordelt på åra 2001 – 2003.

Når det gjeld Lotteriregisteret så vart

utviklingsprosjektet formelt avslutta i mars 2002. Brukarar i politiet og Lotteri-tilsynet byrja deretter å registrere løpande i registeret, men vi kom eit godt stykkje ut i året før ein fekk god fart på produksjonen for alle sakstypar. Dette førte til at fleire av dei kostnadskomponentane som er volumavhengige i høve til produksjonen i Lotteriregisteret, vart noko lågare enn det ein tok høgde for ved starten av året.

Ved ny saldering av statsbudsjettet hausten 2002 vart driftsbudsjettet redusert med 4 millionar kroner. Ein kom likevel ut med eit mindreforbruk på i underkant av 2,8 millionar kroner, som i hovudsak vil bli overført til budsjettet for 2003.

På inntektssida tyda alle prognosar fram til oktober månad på at det opphavlege inntekstmålet ikkje ville bli nådd. Dette hang saman med eit visst etterslep for politiets saksproduksjon knytt til oppstillingsløyve for automatar og autorisasjon av lokalinnehavar. Inntektsløyvinga vart sett ned med 20 millionar kroner i ny saldering av statsbudsjettet. I siste kvartal skjedde det samstundes ei kraftig opprioritering av saks- handsaminga i politiet. Vi fekk såleis ein positiv effekt på inntektssida som var større enn det vi hadde lagt til grunn i prognosane tidlegare på hausten. I høve til det salderte budsjettet vart det meirinntekter på i underkant av 8,5 millionar kroner.

Utgifter Lotteritilsynet

Kap. 0305, Post 01 Driftsutgifter

Løyving	kr	49 687 000
Rekneskap	kr	46 912 000
Mindreutgift	kr	2 775 000

Kap. 0305, Post 45 Større nyinnkjøp og vedlikehald

Løyving	kr	1 648 000
Rekneskap	kr	1 647 000
Mindreutgift	kr	1 000

Inntekter frå spel og lotteri

Kap. 3305, Post 02 Gebyr

Løyving	kr	38 962 000
Rekneskap	kr	47 428 000
Meirinntekt	kr	8 466 000

Kap. 3305, Post 03 Refusjonar

Løyving	kr	7 620 000
Rekneskap	kr	7 870 000
Meirinntekt	kr	250 000


Årsverk

Per 31.12.2002 hadde Lotteritilsynet 44 fast tilsette og 2 personar i engasjement. Vi hadde ved årsskiftet inne nokre vikariat for faste stillingar. Tabellen under viser arbeidsstyrken i 2002 omrekna i utførte årsverk.¹

	Kvinner	Menn	Sum
Direktør	0,0	1,0	1,0
Stab	1,8	1,0	2,8
Administrativ avdeling	6,4	2,9	9,3
Juridisk avdeling	4,9	2,7	7,6
Teknisk avdeling ÷ kontrollseksjonane	1,3	5,5	6,9
Kontrollseksjonen Førde	1,0	7,7	8,7
Seksjon Hamar	4,6	0,6	5,2
Sekretariatet til Lotterinemnda	0,9	0,1	1,0
Sum	20,9	21,5	42,5
Prosentvis fordeling	49	51	100

¹ Fråtrekk for langtidssjukmeldingar og reduserte stillingar.

Fakta om Lotteritilsynet



Fast bemanning pr. 31. desember 2002 var 44 fordelt slik:

Direktør og stab	4
Administrativ avdeling	9
Juridisk avdeling	6
Teknisk avdeling	10
Kontrollseksjonen	8
Seksjon Hamar	6
Sekretariat Lotterinemnda	1 *

Mellombelse stillingar: To vikariat og to engasjement. Vi har ein lærling i kontor-faget.

To av medarbeidarane i Lotteritilsynet var ved utgangen av 2002 i omsorgspermisjon.

Utførte årsverk er fordelt med 49 prosent på kvinner og 51 prosent på menn.

Den yngste tilsette i Lotteritilsynet er fødd i 1980, den eldste er fødd i 1948. Gjennomsnittsalderen for alle fast tilsette er 39 år.

Lotteritilsynet blir finansiert av gebyr i pengespel-marknaden. I år 2002 kosta det 1000 kroner for ein organisasjon eller eit lag å bli godkjend som lotteri-verdig, årsgebyret for ein gevinstautomat var 1500 kroner, ein autorisasjon for lokalinnhavar kosta 1200 kroner, det kosta 20.000 kroner for ein entreprenør å bli autorisert, medan typegodkjenning av ein gevinstautomat kosta 3000 kroner. Prisen for å bli registrert i Lotteriregisteret var 300 kroner.

*) Lotterinemnda ligg under Kultur- og kyrkjedepartementet, men dei administrative funksjonane er ivaretekne av administrativ avdeling i Lotteritilsynet.

Distriktsutbygging i praksis

Det vart uttrykt ein viss skepsis til å plassere det nye Lotteritilsynet i Sogn og Fjordane. Var det mogleg å skaffe tilstrekkeleg med dyktige fagfolk i eit utkantfylke? I dag kan vi slå fast at svaret var ja, og at etableringa av Lotteritilsynet var ei vellukka distriktssatsing.

Lotteritilsynets fekk sin første tilsette i august 2001, og ved den offisielle opninga i januar 2001 var det 10 tilsette og eitt år seinare 40. I tillegg vart Statskontrollen på Hamar i 2002 ei avdeling med sju tilsette og ti notarar i Lotteritilsynet frå 1. januar 2002.

Frå første dag var interessa for å jobbe i det nye tilsynet og direktoratet stor i den lokale arbeidsmarknaden. Talet på søkjarar låg i gjennomsnitt over 30, og til alle stillingane var det godt kvalifiserte kandidatar.

Både direktøren og dei tre avdelingsdirektørane vart rekrutterte frå det lokale arbeidslivet. Mange av dei andre som vart tilsette i Lotteritilsynet hadde ei eller anna lokal tilknytning til distriktet. Det var også ein del personar som såg etableringa av Lotteritilsynet som ein sjanse til å flytte tilbake til heimfylket sitt. Såleis flytta det personar frå Oslo, Bergen og Stavanger for å jobbe i Lotteritilsynet.

Etter to års drift kan leiinga konkludere med at Førde og Sogn og Fjordane




Foto: Reiakvam Foto

Førde kommune har 11.000 innbyggjarar, men er handelssenter for ca 40.000 menneske i Sogn og Fjordane.

var stort nok til eit direktorat på storleik med Lotteritilsynet. Det faglege nivået er høgt, og arbeidsstokken er meir stabil enn tilfellet venteleg ville vore i meir sentrale stork der kampen om dei mest attraktive personane er hardare.

Ringverknadene er også merkbare i eit vidt område. Dei 40 som har jobben sin ved hovudkontoret i Førde, er i dag busette i åtte kommunar: Førde, Naust-

dal, Gaular, Jølster, Flora, Fjaler, Askvoll og Gloppen.

Etableringa av Lotteritilsynet har også tilført det lokale næringslivet kjøp av varer og tenester som er med på å styrkje det lokale næringsgrunnlaget i ei tid då det norske samfunnet generelt er prega av sentralisering. Det kan også merkast at folk i distriktet er litt stolte over at det var mogleg å etablere eit direktorat og eit statleg tilsyn i lokalmiljøet. Slik kan etablering av ein statleg institusjon utanom dei mest urbane stroka føre til optimisme som kan gi grunnlag for næringsmessig knoppskyting.

Interne undersøkingar viser at dei tilsette i Lotteritilsynet trivst på sin nye arbeidsplass som byr på store utfordringar og nybrottsarbeid på fleire felt. Trivselsmomentet blir understreka av ein aldri så liten lokal «babyboom».

Heile 10 av Lotteritilsynets tilsette har sidan starten fått barn eller ventar barn, og dette kan vanskeleg tolkast som anna enn eit uttrykk for at folk trivst og kjenner seg trygge på arbeidsplassen sin.

Sterk omsetningsauke på pengespel

Omsetninga i norske pengespel og lotteri viser samla ein kraftig auke i 2002. Førebelse tal frå Lotteritilsynet tyder på at det i fjor vart omsett for brutto om lag 29,6 milliardar kroner, medan tilsvarende tal for 2001 var 22,4 milliardar.

Omsetninga i 2002 utgjer 6500 kroner per innbyggjar her i landet. Når gevinstane er trekte frå, la nordmenn i fjor igjen 9,6 milliardar på pengespel. Dette

nettotalet utgjer 2100 kroner per innbyggjar.

I tillegg til tala nemnda ovanfor, kjem spel på utanlandske nettstader forutan dei norske spela tivoli.no og SMS.Jackpot der omsetningstal ikkje blir offentlege før prøvekonsesjonane er avslutta.

Lotteritilsynet har enno ikkje kartlagt kor mykje av automatinntektene som gjekk til organisasjonar, men om vi legg

til grunn 35 prosent av netto omsetning som er minimum, vil dette utgjere 1,15 milliard kroner. Til samanlikning fekk organisasjonane 36 prosent av overskotet i 2001 - estimert til 917 millionar kroner.

Spel- og lotterimarknaden 2002

	Millionar NOK		Millions EUR ¹	
	Brutto oms.	Netto oms.	Gross turnover	Expenditure
Norsk Tipping (eigne spel)	8 940	4 056	1 191	540
Rikstoto	2 479	829	330	110
Talspelet Extra	794	397	106	53
Automatar *	15 000	3 300	2 000	440
Lotteri (eksklusiv Flax) *	600	500	80	70
Bingo *	1 800	500	240	70
Totalt	29 600	9 600	3 940	1 280

Per innbygger² (avrunda) 6 500 NOK 2 100 NOK 870 EUR 280 EUR
Per capita

*) *Estimat. Estimert omsetning i NOK er runda av til næraste 100 millionar, og i EURO til næraste 10 millionar.*



Tabellen viser brutto og netto omsetning. Brutto omsetning er spelarens samla innsatsbeløp³. Netto omsetning er beløpet som spelarane har lagt igjen etter at gevinst er utbetalt, og som blir fordelt mellom formål og aktørar som t.d. entreprenør og operatør.

¹ Noregs Bank, årsgjennomsnitt av midtkurser 2002: 7,5073

² SSB, per 1. juli 2002: 4 538 423

³ For automatar innbetalt innsatsbeløp, ikkje medrekna verdi av gjenspel.

Spel og lotteri - prosentvis del av omsetninga i 2002



Det er berre frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto vi førebels har fullstendige tal. Norsk Tipping auka si brutto omsetning til 8,9 milliardar kroner, ein auke på 13,7 prosent. Norsk Rikstoto hadde ein reduksjon på 5,6 prosent og enda på nær 2,5 milliardar.

For den private delen av marknaden er tala førebels estimat, men Lotteritilsynet har hatt kontakt med ei rekkje av dei sentrale aktørane og fått innrapportert nøkkeltal for ein del av omsetninga.

Gevinstautomatane har hatt ein kraftig vekst i omsetninga i 2002. Lotteritilsynet har innhenta tal frå 31 entreprenørar som samla hadde vel 15 900 automatuar utplas-

sert ved siste årsskiftet. For resten av marknaden er det gjort ei framskriving basert på 2001-tal.

Lotteritilsynet bereknar brutto omsetning i automatmarknaden til 15 milliardar kroner i fjor. Dette utgjer ein auke på seks milliardar frå vårt estimat for år 2001. Samanlikna med Lotteritilsynets tal for 2001, er dette ein auke på 67 prosent.

Netto omsetning har også vakse med ca 750 millionar kroner, eller om lag 30 prosent. I reelle 2002-tal har vi registrert ein samla vekst på 30 prosent for netto omsetning. I estimert omsetning har vi lagt til grunn den same auken. Om vi for estimert del ikkje berekna endring, ville

brutto omsetning blitt 14,7 milliardar kroner og netto omsetning 3,2 milliardar.

At brutto omsetning veks forholdsvis meir heng saman med auka gevinstprosent. For 2002 reknar Lotteritilsynet med ein gevinstprosent på 78 prosent⁴. For 2001 nytta vi 71,6 prosent. Vi reknar med at hovudforklaringa på auken i gevinstprosent er utskifting av gamle automatuar til nye. Men vi kan ikkje utelukke at delar av auken skuldast at gevinstprosenten i tidlegare estimat var for låg. Gevinstprosent er utslagsgivande for utrekning av brutto omsetning.

⁴ Samla gevinstprosent i innrapporterte tal for år 2002.



Både i 2001 og 2002 har vi nytta samla gevinstprosent i dei tala entreprenørane har oppgitt, og lagt denne til grunn for estimert brutto omsetning der vi berre har hatt tal for netto omsetning.

I 2002-talet er tre fjerdedelar av brutto omsetning innrapportert frå entreprenørar. Resten er estimert. Sidan brutto omsetning inneheld estimat er det feilmargar. Om vi nytta 76 prosent gevinstdel i estimatdelen ville samla brutto omsetning blitt 14,7 milliardar. Om vi nytta 80 prosent ville brutto omsetning blitt 15,4 milliardar. Dette påverkar likevel ikkje netto-omsetninga som er til fordeling blant organisasjonar, entreprenørar og lokalinnhavarar.

Entreprenørar har oppgitt ei rekkje årsaker til auka omsetning i fjor:

- Overgang til nye automatar
- Skifte av oppstillingsstader
- Tettare oppfølging / mindre tid der automaten er ute av drift
- Kjedesamarbeid

Einskilde entreprenørar har hatt stor vekst sjølv med redusert automattal.

At utskifting i automatparken har vore stor kan illustrerast med tal frå Lotteriregisteret.

Per 31. desember 2002 var ca 75 prosent av automatane godkjende etter ny

forskrift. Per 1. januar 2001 var tilsvarende del ca 1 prosent.

For bingo og andre lotteri har Lotteritilsynet enno ikkje innhenta tilstrekkeleg talmateriale til å gi eit presist oversyn for omsetning. Frå sentrale aktørar har vi fått inn tal og synspunkt som vi brukar i framskriving av 2001-tal.

Bingo med og utan entreprenør hadde i 2001 ei samla omsetning på 1,6 milliard inklusiv sidespel. Vi reknar med at omsetninga har gått opp gjennom 2002 til 1,8 milliard kroner.

For lokale/regionale lotteri og landslotteri reknar vi med at marknaden samla sett har vore stabil eller hatt ein svak nedgang frå 2001 til 2002.

Endringar frå 2001 til 2002

	2001		2002		Endring	
	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.
Norsk Tipping (eigne spel)	7 861	3 739	8 940	4 056	14 %	8 %
Rikstoto	2 626	888	2 479	829	-6 %	-7 %
Talspelet Extra	746	373	794	397	6 %	6 %
Automatar *	8 958	2 546	15 000	3 300	67 %	30 %
Lotteri (ekskl. Flax) *	593	499	600	500	stabil / svak nedgang	
Bingo *	1 627	475	1 800	500	ein viss vekst	
Totalt	22 411	8 520	29 600	9 600	32 %	13 %

*) Delar av omsetninga er estimert, og avrunda til næraste hundre million for år 2002.

Internettspel kan bli dobla på eitt år

Fire prosent av alle nordmenn over 18 år spelte i løpet av 2002 pengespel over Internett. Og om lag like mange svarte at dei sannsynlegvis vil delta i pengespel over Internett inneverande år. Talet kan med andre ord komme til å doble seg på eitt år.

Dette viser ei meningsmåling som Opinion har laga for Lotteritilsynet. 1000 personar over 18 år vart i desember 2002 spurde om dei i løpet av det sist året hadde spelt pengespel over Internett.

Lotteritilsynets første offisielle statistikk for 2001 inneheldt berre tal på nordmenn sine pengespel på lovlege nettspel i Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og Tivoli.no. Det finst førebels ikkje påliteleg statistisk materiale for spel på utanlandske pengespel, men denne meningsmålinga kan gi ein peikepinn på omfanget. Dei fire prosent som svarte at

dei spelte i fjor, utgjer 138 000 nordmenn over 18 år. Men når vi tek omsyn til feilmarginen, så låg talet på nettspelarar i 2002 mellom 96 000 og 180 000.

Meiningsmålinga viser at det er relativt få som spelar både på norske og utanlandske nettstader. Ei klar overvekt spelte i fjor oftast på utanlandske pengespel. 30 pst svarte at dei spelte oftast på Centrebet, 21 pst hadde Norsk Tipping som førsteval medan ni pst oppgav Unibet. Fem pst spelte mest på Tivoli.no og Playit. Meiningsmålinga fanga ikkje opp nokon av dei som deltok i Norsk Rikstoto sine prøvespel på nett.

Av dei som valde å satse på utanlandske pengespel og ikkje på dei tre lovlege norske, svarte 39 prosent at betre odds eller høgare gevinst er viktigaste grunnen for val av spelestad. 34 prosent svarte at det ikkje var nokon spesiell

grunn, 22 prosent oppgav andre grunnar. Åtte prosent meinte det var lettare å vinne på utanlandske nettspel.

Kva er så drivkrafta for å bruke Internett som kanal for pengespel?


44 prosent oppgir håp om gevinst som viktigaste grunnen, medan 35 prosent seier dei brukar nettet fordi det er lett-vint å spele her. Berre to prosent seier tidsfordriv er motivet, medan ingen av dei som svarte oppgav støtte til ei god sak som motiv for val av spelestad.

16 prosent av dei som brukte Internett til pengespel i fjor, svarte at dei spelte fleire gonger i veka. 10 prosent svarte at dei spelte om lag ein gong i veka, medan 39 prosent svarte at dei brukte nettet som spelekanal minst ein gong i månaden.

Kor mykje satsar så nettspelarane?

Meiningsmålinga viser at heile 46 prosent av nettspelarane spelte for mellom 100 og 249 kroner siste gongen dei brukte Internett. Ni prosent spelte for under 50 kroner, medan 13 prosent svarte at dei satsa 1000 kroner eller meir.

Meiningsmålinga gir også svar på kvi-







for nordmenn *ikkje* brukar pengar på pengespel. Av alle som ikkje vil spele pengespel på Internett, så svarte 33 prosent at pengespel ikkje er interessant i det heile teke. 30 prosent svarte at dei ikkje var interesserte i å bruke Internett til pengespel, medan 14 prosent ikkje ville bruke nettet til å betale pengar. 18 prosent oppgav at dei ikkje hadde tilgang til Internett.

Av materialet går det fram at det er klar overvekt av menn som driv med pengespel på Internett. Berre kvar åttande spelar var kvinne.

Vidare er det overvekt av personar tilsett i privat sektor som spelte på Internett i fjor, og det var flest i aldersgruppa under 30 år (ni pst). Det var flest nettspelarar som hadde ein husstandsinntekt under 300 000 kroner og over 600 000 kroner.

Medan fire prosent oppgav at dei nytta seg nettspel i 2002, så er det ein prosent av dei spurde som svarte at det er svært sannsynleg at dei vil bruke Internett til spel i 2003, medan fire prosent svarte at det er ganske sannsynleg.



■ Kontroll på dagsorden

■ **Kontroll** vart for alvor sett på dagsorden i Lotteritilsynets tekniske avdeling i 2002. Vi fekk ein ny kontrollseksjon stasjonert i Førde, og Statskontrollen på Hamar vart ein del av Lotteritilsynet. Vidare overtok vi ansvaret for kontroll av totalisatorbanene, og kom i gang med rekneskapskontrollane.

Statskontrollen, som kontrollerer pengespela i Norsk Tipping, vart ein del av Lotteritilsynet frå nyttår. Alt i 2003 vil det her bli gjennomført organisatoriske endringar.

Vår nye og mobile kontrollseksjon kom i gang frå januar, og var etter ein opplæringsperiode i full operativ drift frå mars månad. Kontrollseksjonen prioriterte i startfasen å kontrollere gevinstautomatar (sjå side 18 og 19).

Fram til utgangen av 2001 vart statens inspektørar på totalisator-arrangement oppnemnde av Landbruksdepartementet. Men frå 1. januar 2002 vart denne kontrolloppgåva overført til Lotteritilsynet, og inspektørar som hadde vore oppnemnde av departementet vart løyste frå sine kontrolloppgåver.

Lotteritilsynet la opp til stikkprøvekontrollar ved totalisatorbaner, og i løpet av året vart det gjennomført kontroll av 10 totalisatorbaner utan at Lotteritilsynet fann grunn til merknader.

Oppbygginga av Lotteriregisteret var i 2002 framleis ei av Lotteritilsynets store utfordringar. Stort sett har arbeidet gått innafør dei fristar og kvalitetskrav vi sette oss, men likevel ikkje utan skjer i sjøen. Vi tenkjer mellom anna på at ein del aktørar i lotterimarknaden mottok faktura av for dårleg kvalitet, og dette seier vi oss leie for.

Eit oppdatert lotteriregister var ein



Dette er Lotteritilsynets første kontrollørar. Bak frå venstre: Rolf Rakstad, Torstein Jensson, Vegard Ramstad og Bjørn Veseth. I midten: Steinar Kvammen og Sindre Hauglum. Fremst: Grethe Fjell, seksjonsleiar Jan Petter Sæbø og Einar J. Årdalsbakke.

foresetnad for å komme i gang med rekneskapskontroll av entreprenørar og formål. I løpet av 2002 gjennomførte vi sju rekneskapskontrollar, og det vart gitt tre dispensasjonar frå revisjonsplikta.

På slutten av året vart alle formål, lokalinnhavarar og entreprenørar i skriv informerte om at det gjeld vanlege reglar for rekneskap og revisjon. Likevel ventar teknisk avdeling i tida framover

Endringar på Hamar

store utfordringar med saker som gjeld rekneskap, lotteriregister, dispensasjonar o. l.

2002 vart også eit utfordrande år med tanke på at teknisk og juridisk avdeling saman har prøvt å tolke og avklare typegodkjenningsforskrifta. Mellom anna vart godkjenning av tre automattypar trekte tilbake på grunn av trekningsmetoden i maskinene, men dette vedtaket vart seinare oppheva av Lotterinemnda. Lotteritilsynet typegodkjende elles i fjor 45 gevinstautomatar, medan to søknader vart avslegne.

Teknisk avdeling har hatt eit høgt aktivitetsnivå som gjenspeglar seg i mellom anna at det er sett i gang eit utviklingsprosjekt for monitorering av pengespel på Internett. Om lag eit årsverk er gått med til brukarstøtte og vidareutvikling av interne datasystem og infrastruktur, mellom anna ei ny teknologisk plattform som har gitt oss eit nytt og moderne intranett. I tillegg vil heimesida vår bli oppgradert vinteren 2003.

Forskriftsarbeid har også teke tid i 2002. Det vart mellom anna lagt grunnlag for forskrift om overvakingssystem for gevinstautomatar, og eit framlegg vil kunne leggjast fram raskt dersom det er behov for det. Vidare laga Lotteritilsynet endringar i typegodkjenningsforskrift for Kultur- og kyrkjedepartementet, men dette er ikkje sett ut i livet på grunn av samhandlingsproblem mellom Noreg og EU i notifiseringsprosessen.

Frå 1. januar 2002 vart Statskontrollen ei avdeling i Lotteritilsynet under namnet Seksjon Hamar. Allereie i 2003 vil det bli gjennomført endringar i måten Norsk Tipping blir kontrollert på.

Seksjon Hamar skal kontrollere alle lotteri og pengespel som Norsk Tipping gjennomfører. Lotteria består i dag av Lotto og Joker på laurdag, Viking Lotto og Joker på onsdag og Extra som blir operert av Norsk Tipping på vegner av Stiftelsen Helse og Rehabilitering på tysdag.

Sportspela omfattar fotballtipping med pause- og fulltidsresultat midtveke, laurdag og søndag. Oddsen har i løpet av 2002 vakse og omfattar i dag Langoddsen, Oddsbomben og Vinnerodds. For å kunne gjennomføre kontrollane med eksisterande organisering, måtte arbeidstida på einskilde skift utvidast slik at kontrollavdelinga var open frå 06 om morgonen til ein 21.30.

Seksjon Hamar skal ivareta spelaren sine rettar og kontrollere avviklinga av det einskilde spelet. Dersom ein spelar får ein klage avvist av Norsk Tipping, er Lotteritilsynet Seksjon Hamar klageinstans.

Til å stå for kontrollen har Lotteritilsynet i 2002 hatt fem konsulentar i tillegg til den nye seksjonsleiaren Kaare Sveen som tok til i stillinga 1. juni. I tillegg vart ordninga med ti notarar på deltid ført vidare ved overtakinga av Statskontrollen.

I løpet av 2003 vil det bli gjennomført endringar i organiseringa av kontrollen av Norsk Tipping. Bak endringane ligg det to prosjekt som Lotteritilsynet har gjennomført. Eit dokumentasjonsprosjekt og eit utviklingsprosjekt munna i desember 2002 ut i ei innstilling som leiinga i Lotteritilsynet slutta seg til.



Eva Andreassen er ein av fem konsulentar ved Seksjon Hamar.

■ Kravde 105 automatar beslaglagde

■ **Lotteritilsynets** kontrollseksjon kravde 105 automatar beslaglagde i 2002, og 96 av desse var gevinstautomatar. Dette talet ligg i underkant av det Lotteritilsynet venta på bakgrunn av at ei rekkje tips frå publikum, og informasjon frå bransjen sjølv, indikerte at ulovlege automatar kunne vere eit større problem.

I mars var Lotteritilsynets nye og mobile kontrollseksjon med åtte inspektørar klar for å starte kontrollarbeidet med ca 19 000 gevinstautomatar som stod på ca 7000 oppstillingsstader. Kvar kontrollør har fått ansvaret for ein region som inkluderer tre-fem politidistrikt.

Målet var å kontrollere 15 000 gevinstautomatar det første året saman med Justervesenet. Ved årets slutt hadde Lotteritilsynet kontrollert nesten 9200 automatar og Justervesenet vel 7100. Til saman vart 16 533 automatar kontrollerte første året.

Kontrollen bestod i ein utvendig kontroll som omfatta oppstillingsløyve og kontroll av at automatane er typegodkjende. Vidare vart også vilkår i løyvet, til dømes plassering, kontrollert. Status etter det første året med utvendig automatkontroll vart slik:

- 105 automatar vart beslaglagde – av dei var ni underhaldningsautomatar
- 48 av gevinstautomatane mangla løyve, 13 mangla typegodkjenning og 35 mangla begge delar
- Flest automatar vart beslaglagde i Østfold (25), på Romerike (19), i Søndre Buskerud (15) og Oslo (11)
- 31 entreprenørar og 23 lokalinnehavarar vart melde til politiet for brot på lotterilova. To saker mot entreprenør vart seinare trekte tilbake.



Lotteritilsynets kontrollørar gjennomførte også innvendig kontroll av 236 gevinstautomatar, men dette førte ikkje til beslag. Ein del av desse kontrollane var eit resultat av tips frå spelarar som meinte automaten måtte vere manipulert, men det vart ikkje påvist feil eller manipulasjon ved blant anna software.

Også kontroll av aldersgrensa på 18 år har stått sentralt i kontrollarbeidet. Her



Foto: Scampix

Ein ulovleg automat blir beslaglagd etter ein razzia på ein restaurant i Oslo hausten 2002. Lotteritilsynet deltok her saman med ei rad offentlege etatar.

beslag i starten. Beslaga minka merkbart utover våren og sommaren då media fokuserte på den nye kontrollen som var i gang.

Men framleis reknar Lotteritilsynet med at det står ein del illegale automatar rundt om i forskjellige spelemiljø. Det viste mellom anna storkontrollar som Lotteritilsynet deltok i saman med ei rad andre offentlege etatar i Oslo. Her vart det mellom anna avdekket eit titals gevinstautomatar som vart beslaglagde. Dette er miljø der det kan vere vanskeleg å avdekke ulovlege automatar, fordi det blir kravd meir kunnskap for å få tak i dei. Men Lotteritilsynet reknar med at det i løpet av 2003 skal bli avdekket fleire ulovlege spelemiljø enn i fjor fordi både den tekniske og taktiske kompetansen blir forbetra.

Av dei 55 sakene som Lotteritilsynet meldte til politiet i 2002, er ei sak rettskraftig og enda med ei bot på 20 000 kroner. I sju av sakene har politiet lagt saka bort, men har opna etterforskning igjen i fem av sakene etter klage frå Lotteritilsynet.

Med i kontrollbiletet første året, er også åtte kontrollar av bingo med entreprenør – alle utan merknad frå Lotteritilsynets side. Dessutan har kontrollseksjonen prioritert å gi rådgjeving og informasjon til entreprenørar som ønskjer å rydde opp i feil og manglar.

har kontrollørane lagt vekt på over litt tid å sjekke spelemiljøet automatane står i, mellom anna for å registrere kven som spelar og kva lokalinnhavaren gjer for å kontrollere aldersgrensa.

Gjennom det første året vart det i stor grad lagt vekt på å gi råd og vegleiing til lokalinnhavaren i staden for pålegg, med sikte på både å klargjere ansvaret for kontroll av aldersgrensa og for å få

automatane inn i eit miljø der kontrollen var betre. Men frå og med årsskiftet 2003 får lokalinnhavarane konsekvent pålegg om å betre kontrollen dersom Lotteritilsynet finn at mindreårige spelar utan kontroll.

Lotteritilsynet trur den nye kontrollseksjonen har ført til at automatbransjen sjølv har rydda. Dette blir mellom anna bygt på det faktum at det vart gjort flest

■ Krafttaket er unnagjort

■ **Juridisk** avdeling handsama i 2002 nær 6000 søknader frå lag og organisasjonar om å bli godkjende som lotteriverdige. Av desse fekk 560 avslag. Vi mottok 370 klagesaker frå organisasjonar.

Avdelinga fekk dessutan inn 171 søknader frå entreprenørar om å bli autoriserte. Medrekna dei som kom inn i 2001, så har Lotteritilsynet ved siste årsskifte autorisert i alt 245 entreprenørar.

Samstundes med stor saksmengd og stor pågang frå kundane våre per telefon og e-post, så tok Lotteritilsynet i februar i bruk eit nytt sakshandsamingsverktøy; Lotteriregisteret. Dette innebar at vi har lagt bak oss eit svært hektisk arbeidsår for juridisk avdeling.

Men tala ovanfor fortel langt frå heile sanninga om arbeidsmengda avdelinga hadde. Det reelle talet på dokument som vart handterte ligg langt over 20 000, sidan det i sakene måtte sendast ut forvaltingsmelding om lang sakshandsamingstid, og i minst halvparten av sakene måtte det innhentast fleire opplysingar. Særleg ressurskrevjande var det å forklare lag og foreiningar at dei må skaffe seg eit sjølvstendig organisasjonsnummer i Einingsregisteret i Brønnøysund før dei kunne godkjennast av Lotteritilsynet.

For å få unna denne arbeidsmengda måtte vi hente inn ekstra personell i engasjement. Andre avdelingar i huset bidrog også i periodar, og vi kom i mål

innafor dei tidsfristar vi sette oss. Men det var ein utfordrande jobb, ikkje minst fordi sakene skulle handsamast i tråd med tidlegare praksis frå Justisdepartementet. Denne praksisen måtte først leggjast inn i ein database.

Juridisk avdeling har trass i krafttaket med godkjenning av organisasjonar og entreprenørar, brukt ein del ressursar på kompetanseoppbygging i året som gjekk. Avdelinga legg vekt på å vere oppdatert på det som skjer i lotterimarknaden. Det var difor naudsynt å heve kompetansen på fleire felt, til dømes når det gjeld lotteri og spel på Internett, regelverksutvikling, rekneskapsforståing, bruk av Lovdata og innan enkelte forvaltingsrettslege emne.

Den samla gjennomgangen av lotteri og pengespel som Regjeringa har lagt opp til, har også medført omfattande utgreiingsoppdrag for juridisk avdeling. Dessutan har avdelinga utarbeidd framlegg til ny bingo forskrift.

Tidkrevjande var også arbeidet med alle dei pyramideliknande sakene som stadig dukka opp. Uklar rettsstilstand gjorde at vi brukte mykje tid på saker som ligg i grenselandet mellom pyramidespel og nettverkssal.

Men også på andre område er det trendar i tida som medfører utfordringar, til dømes SMS-konkurransar, som i røynda ofte viser seg å vere lotteri. Her har Lotteritilsynet i 2002 gripe inn



overfor fleire store aktørar for brot på lotterilova. Det er snakk om TV-kanalar, aviser og vekeblad som har fått pålegg om å stanse ulovlege lotteri. Sidan dette oftast var tidsavgrensa, kortvarige og avslutta lotteri, har Lotteritilsynets reaksjonar i 2002 i stor grad hatt preg av å informere om gjeldande regelverk med tanke på å hindre gjentakning.

Juridisk avdeling har dessutan i 2002 hatt pågang frå til dels store aktørar i marknaden om å sleppe til med nye spele- og lotterikonsept. Dette er søknader som er lagt til sides i påvente av Stortingets handsaming av lotteri- og pengespelpolitikken.

Bård Eikeset og Monica A. Kjelsnes er rådgjevarar i juridisk avdeling.

■ Tre av fire ungdomar spelar

■ **3,2 prosent** av norske ungdomar mellom 13 og 19 år har speleproblem, og dette utgjør ca 11 000 tenåringer. Det er konklusjonen i ei undersøking som NOVA har gjort for Lotteritilsynet.

Resultatet er tufta på bruk av strenge vurderingar. Blir det lagt mindre strenge kriterium til grunn, konkluderer NOVA med at det reelle talet kan liggje ein stad mellom 11 000 og 20 000.

Granskinga om ungdomen sine spelevanar er ein del den store undersøkinga «Ung i Norge 2002». Undersøkinga vart gjennomført av Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA), og omfatta ca 12 000 elevar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.

Tre av fire norske ungdomar (78,5 prosent) spelte i løpet av det siste året på pengespel. Spel på gevinstautomat stod for 32 prosent av omfanget. Vidare stod tipping og Lotto for 26 prosent, skrapelodd og poker 12 prosent kvar, Internett og veddeløp fire prosent og andre spel for 10 prosent.

Fleirtalet av dei unge spelar mindre enn ein gong i månaden. Derimot står den tidelen som på spelar pengespel oftast for meir enn halvparten av spela.

For å kartleggje omfanget av problematisk speleåtferd, er det i undersøkinga lagt til grunn strenge krav. For å bli definert som problemspelar måtte ungdommen oppfylle alle følgjande tre kriterium: Dei må ha tydd til løgn om pengespel, dei må spele meir og meir og dei må som oftast prøve å vinne tilbake det dei har tapt.

Talet på norske ungdomar som har utvikla problematisk speleåtferd, er av om lag same storleik som det er rappor-

tert om i andre land. Ei gransking (Shaffer & Hall 1996) viser at tidlegare studier av ungdom opererer med mellom 3,4 og 4,8 prosent av ungdomen som klare eller moglege patologiske spelarar. I NOVA-undersøkinga er det lagt til grunn strengare krav.

Granskinga viser at det er like vanleg for ungdom under 18 år å spele på gevinstautomatar som for ungdom som er 18 år eller eldre. Funna viser at ungdom under 18 år spelar for i gjennomsnitt 12 kroner i veka på automatar. Det betyr at denne gruppa ungdomar, som ikkje har lov å spele på automatar, brukar ca 170 millionar kroner i året. Også spel på gevinstautomatar er skeivt fordelt, og det viser seg at den tidelen av dei unge som spelar mest, står for tre fjerdedelar av det totale beløpet.

Granskinga viser elles ein del trekk som kan oppsummerast slik:

- Pengespel er meir populært blant gutar enn blant jenter
- Ungdom som spelar ofte har gjerne vener og foreldre som spelar mykje på pengespel
- Ungdom som spelar mykje er oftare frå låginntekts-familiar og har oftare foreldre med ikkje-vestleg bakgrunn enn andre ungdomar
- Ungdom med speleproblem har lågare sjølvrespekt enn andre ungdomar
- Unge med speleproblem er i risikona for sjølvmonds-tankar og –forsøk
- Dei risikerer i større grad å utvikle andre typar avhengigheit eller multi-problem

NOVA har påvist at ungdom som har



utvikla speleproblem det siste året spelte gjennomsnittleg 245 gonger. Dette talet er om lag ti gonger så høgt som for unge utan teikn til speleproblem. I den gruppa som har problem, var det 64 prosent som svarte at dei minst ein gong i veka spelar på gevinstautomatar, medan talet var 6,5 prosent for dei utan problem. 44 prosent av ungdomane med problem spelte minst ein gong i veka på Lotto eller tipping – tilsvarende tal var 8,3 for dei utan problem.

Dei fleste ungdomane har gjennomgåande låg innsats på pengespel. Ein tredjedel av dei spurde svarte at dei hadde satsa mindre enn 20 kroner som høgaste innsats. Ytterlegare 45 prosent har satsa mellom 20 og 100 kroner på det meste. 3,1 prosent har hatt mellom 500 og 1000 kroner som maksimumsinnsats, medan 2,1 prosent svarte at dei hadde satsa 1000 kroner eller meir.

NOVA-undersøkinga har påvist eit stort udekt behandlingsbehov for ungdom med speleproblem. Behandling er eit tilbod som stort sett blir utført av fagfolk innan russektoren, og som er retta mot personar over 18 år. Barne- og ungdomspsykiatrien er rett adresse i dag for ungdom, men med få unntak er det dei færraste i BUP-systemet som opplever å ha ressursar tilgjengeleg. Såleis manglar

	Fleire gonger i veka	1 gong i veka	Fleire gonger i månaden	Sjeldnare enn 1 gong pr. måned	Har ikkje spelt siste år
Speleautomat (med pengepremie)	6,6	6,6	7,9	35,7	43,2
Skrapelodd	0,9	1,6	3,6	40,4	53,4
Pengespel på Internett	0,8	0,5	0,7	4,6	93,4
Poker, termingspel o.l.	2,0	2,1	4,3	19,0	72,6
Lotto, tipping o.l.	4,3	7,9	7,3	19,5	61,0
Veddeløp	0,8	0,8	0,9	5,1	92,5
Andre pengespel	1,8	1,9	2,6	11,6	82,1

Fordeling av ungdomar etter kor hyppig dei har satsa pengar i ulike typar av pengespel det siste året (i prosent)

det i dag både tilbod og kompetanse på feltet.

Granskinga viser også at ungdom oppfattar pengespela som svært tilgjengeleg der dei ferdast. NOVA konkluderer difor med at det vil vere ei viktig utfordring å sikre at aldersgrensene på pengespel i større grad blir overhaldne. Det blir også vist til at foreldra blir viktige både for å få ungdom inn i behandling og å følge dei opp.

Vil du lese heile NOVA-undersøkinga, så finn du den på www.lotteritilsynet.no

	Gevinst-automat	Skrape-lodd	Internett-spel	Poker, terning, etc.	Lotto, tipping	Veddeløp	Andre spel
Med speleproblem	64 %	18 %	12 %	27 %	44 %	13 %	31 %
Utan speleproblem	6,5 %	1,2 %	0,5 %	1,8 %	8,3 %	0,6 %	1,2 %

Del av ungdom som har satsa pengar kvar veke eller oftare på ulike typar pengespel etter om dei har klare problem med pengespel (fyller alle tre kriteria) eller ingen problem med pengespel (fyller ingen av dei tre kriteria).



Pengespel over landegrensene

Pengespel i Noreg er nasjonale, men med eitt unntak: Viking Lotto. Trekninga med dei 48 kulene på Hamar blir overført direkte via satellitt til dei nasjonale speleselskapa i alle dei fem andre landa der innbyggjarane kan delta i dette lotteriet.

Mange tipparar i alle dei nordiske landa og i Estland har eit tilhøve til kulene som kvar onsdag avgjer kven som stikk av med gevinstane i Viking Lotto. Og lite tyder på at kulene som avgjer Viking Lotto på onsdagar – og Lotto-trekninga på laurdagar - vil forsvinne, sjølv om det teoretisk er fullt mogleg å gjennomføre slike trekningar elektronisk. Både trekninga av Joker og Extra skjer i dag elektronisk.

Men så er det ikkje kva for kuler som helst heller det er snakk om. Dei er laga av ei gummi-blanding, og er dyre i innkjøp. Kulene som avgjer Viking Lotto er produserte i Frankrike – Lottokulene er amerikanske. Det finst fire sett til kvart av spela for å unngå for stor slitasje, men likevel blir kulene skifta ut frå tid til annan.


Lottokulene på Hamar blir nesten vakta som om det skulle vere kronjuvelar. Mellom trekningane ligg dei innlåste i ein safe hjå Lotteritilsynet, der notarane har nummerkoden og dei tilsette i Lotteritilsynet nøkkelen. Og alle som skal ta i kulene må ha på seg kvite bomullshanskar for å unngå at det skal komme feitt på kulene.

Ein gong i året må dessutan kulene innom Justervesenet. Her blir diameter, vekt og spretten i kulene målt. Vekta på kulene i Viking Lotto-trekninga er 73,5 gram. Er det avvik utover fastsette grenser, blir kulene skifta ut.

Viking Lotto er ei spesiell trekning. Presis klokka 19.15 onsdag startar trekninga på Hamar, slik at alt kan overfø-

rast via satellitt til dei fem andre landa der folk kan delta i dette lotteriet. Før det er lotteriet stengt for spel klokka 18 presis. Deretter blir alle spelerekkjer som er omfatta av trekninga overført til Lotteritilsynet der ein tryggleikskopi blir låst inn i ein safe.

Neste dag kopierer Lotteritilsynets kontrollørar Norsk Tippings vinnarfil som så blir samanlikna med vinnarutveljinga i Lotteritilsynet. Data frå trekninga blir deretter oppbevart i kvelv i 90 dagar av omsyn til protestfristen, og blir i tillegg liggjande til saman i to år og tre månader.



Kaare Sveen er seksjonsleiar på Hamar. Her med maskinen som blir brukt til å trekke Viking Lotto.

■ Visste du at...

■ .. del åtte inspektørane i den nye kontrollseksjonen i gjennomsnitt hadde 60 reisedøgn første arbeidsåret?

■ ..at Lotteritilsynet i 2002 mottok 106 tips som i hovudsak galdt spel på digitale nett, utanlandske spel på Internett og pyramide? I tillegg fekk kontrollseksjonen 75 tips som hovudsakleg dreia seg om automatar.

■ ..at Lotteritilsynet mottok 376 klager på sine vedtak i 2002? 370 kom frå organisasjonar, fem frå entreprenørar og ei klage galdt typegodkjenning.

■ ..at Lotterinemnda i fjor mottok 262 klager på vedtak gjort av Lotteritilsynet? 226 av desse var avslag på godkjenning av organisasjon, medan 27 galdt avgrensing i talet på automatar.

■ ..at Lotterinemnda avviste 166 klager, og sende tre tilbake til Lotteritilsynet for ny handsaming?

■ ..at Lotteritilsynet i fjor mottok 55 klager på vedtak gjort av politiet? 30 av desse kom frå entreprenørar, 22 frå organisasjonar og tre frå lokalinnehavar.

■ ..at Aftenposten hadde flest artiklar/oppslag om pengespel i fjor med 63? Deretter følgde NTB med 61, VG med 54, Dagbladet med 47 og Bergens Tidende med 44.

■ ..at det på Lotteritilsynets heimeside i 2002 var nesten 120 000 treff? Det gir eit gjennomsnitt på nesten 10 000 i månaden.




■ Sterke fargar

■ **I resepsjonen** i Naustdalsvegen 5 heng eit fargerikt måleri laga av Mia Egge. Kunstverket ber namnet «Den evige dag».

Mia Egge er opphavleg frå Sunnhordland, men har dei siste 37 åra budd i Jølster i Sunnfjord. Yrkesbakgrunnen har ho frå TV, film og teater, men arbeider no på heiltid som biletkunstnar. Mia Egge har vore representert på fleire utstillingar, men slo skikkeleg gjennom som biletkunstnar med si første separatutstilling i år 2000.

Ein sjølvlærd sunnfjording



Lotteritilsynet har prioritert å kjøpe inn verk av lokale kunstnarar for å utsmykke lokala. I løpet av 2002 kom det opp eit karakteristisk blått arbeid utanfor inngangsdøra i 3. etasje. Arbeidet heiter «Maskindel» og er laga av Bjørn Hegrane frå Florø.

Bjørn Hegrane (f. 1926) er nok meir kjend mange andre stader enn han er i sitt eige distrikt. Såleis er han innkjøpt av dei nasjonale galleria i Sverige og Danmark, forutan av Nasjonalgalleriet i Oslo.

Som kunstnar er Bjørn Hegrane i stor grad autodidakt. Produksjonen omfattar teikningar, måleri og ikkje minst grafikk. Mest kjend er likevel Hegrane for sine materialebilete, og «Maskindel» er eit godt døme på dette.

Tårnet på toppen



Foto: O.J. Tveit

Silhuetten på framsida av årsmeldinga viser Skålatårnet. Dette er eit populært mål for den spreke turgåar, der tårnet ligg på toppen av fjellet Skåla i Loen i Nordfjord – 1843 meter over havet.

Skal du opp dit, må du gå til fots i bratt terreng, men eldsjeler har mange stader bygt imponerende flotte trapper i terrenget.

Det var distriktslege H. Kloumann som fekk ideen til å byggje Skålatårnet, som stod ferdig i 1891, same året som Kloumann døydde. Enka gav tårnet i 1896 til bygdefolket i Loen, som året etter gav det vidare til Bergen Turlag som sidan den gongen har stått for drifta av Skålatårnet.

Tårnet, som er i to etasjar, har steinveggar som er 1,25 meter tjukke. Taket var også solid, men måtte vinteren 2003 gi tapt for naturkreftene. Difor vil vårsesongen gå med til å reparere tårnet som blir klart til bruk igjen til hausten.

www.lotteritilsynet.no



LOTTERITILSYNET

Postboks 800 • 6801 Førde
Telefon 57 82 80 00 • Telefax 57 82 80 80
postmottak@lotteritilsynet.no